



Statsforvaltaren I Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6857 - 23/26246

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
04.04.2023


Vedtak til klagevurdering - gbnr 323/204 Frekhaug

Tiltak: dispensasjon frå byggjegrense mot sjø
Byggjestad: Gbnr: 323/204
Tiltakshavar: Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefelleskap
Ansvarleg søkjar:

Administrasjonen ved Alver kommune har innvilga søknad om opparbeiding av ein offentleg parkeringsplass, med bygd areal på om lag 377m² BYA. Parkeringsplassen skal etablerast til bruk for ålmenta, i tilknytning til friluftsområdet Elvavika på Frekhaug. Området er tilrettelagt med mellom anna freesbegolfbane, gapahuk, toalett, og turveggar. I området her det også badeplassar.

Arealet er i dag stengt. Det er berre Bergen og omland friluftsråd (BOF) som har tilgang.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, opparbeiding av arealet med grusing, samt avkøyrslø.



Avkøyrsløse til offentleg veg er godkjent av vegstyresmakta i sak nr. 22/1554, med vedtak datert 09.03.2021.

Planstatus

Arealet ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for industriområde Mjåtveit/ Frekhaugmarka plan ID nr. 125619780310.

Arealet er delvis satt av til område for bustader, heile arealet er offentleg friområde, deler av arealet ligg i hensynssone 530 Hensyn friluftsliv, og heile arealet ligg i 1112 Forbudsgrense sjø.

Dispensasjon

Saka omfattar også søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg, samt søknad om dispensasjon frå arealføremål.



Søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg er handsama ved Alver kommune samferdsel veg,- vatn,- og avløp forvaltning. Det ligg føre innvilga vedtak med saksnr. 23/1340, datert 20.02.2023.

Det er i denne saka er det ikkje satt krav om søknad om dispensasjon frå arealføremål. Administrasjonen viser til Planretteleiar for 1985 - lova, som inkluderte parkeringsareal i føremålet. Der uttalast det at friområde kan til dømes vere «idrettsbaner (...) mv. med tilhøyrande parkeringsplassen».

Politisk handsaming

Det er allereie innvilga søknad om dispensasjon frå bygging i forbudsgrensa mot sjø. Saka vart handsama i Utval for areal, plan, og miljø (APM) 09.02.2022, saksnr 018/22.

Dispensasjonen vart innvilga, og Statsforvaltaren opprettholdt Alver kommune sitt dispensasjonsvedtak i klageomgangen, med vedtak datert 23.09.2022.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast

skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Mette Robertsen på e-post mette.robertsen@alver.kommune.no

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon frå byggjegrænse mot kommunal veg og løyve til oppføring av parkeringsplass - gbnr 323/204 Frekhaug

Byggjesøknad - Søknad om løyve til tiltak - Parkeringsplass Elvavika friluftsområde - gbnr 323/204 Frekhaug

teikningar og bilder

Bilder

Dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg - gbnr 323/204 Frekhaug

Kopi til:

Bergen og Omland Friluftsråd
Kommunalt Oppgavefelleskap

Hellebakken 45

5039 BERGEN

Mottakarar:

Statsforvaltaren I Vestland

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER